

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingrid Raniseth	PlanID - 125620160010, Plannavn - Regulering Fløksand- Vikebø, Komnr - 1256, Gbnr - 5/142, Gbnr - 43/105	16/2424

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
78/2018	Formannskapet	PS	29.08.2018

## Opstartsvarsel med tilhøyrande rapportar, Fv. 564 Fløksand-Vikebø

### Vedlegg:

Silingsrapport - Fv 564 Fløksand-Vikebø d. 12.02.2018

Merknad til oppstart av detaljregulering - Fv. 564 Fløksand - Vikebø

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Statens vegvesen varsla i mai oppstart av planarbeid for Fv. 564 Fløksand-Vikebø. Som grunnlag for komande planarbeid er det gjennomført grunnundersøkingar med tilhøyrande geoteknisk fagrapport og det er utarbeida silingsrapport som munnar ut i anbefaling rundt val av trasé for vidare planlegging.

Silingsrapporten har vore til behandling hjå Fylkesvegrådet og kontaktutvalet for Nordhordlandspakken. Då dokumentet ikkje er eit plandokument, men ei tverrfagleg anbefaling til det komande planarbeidet, er det ikkje krav om at dokumentet skal behandlast administrativt eller politisk hjå kommunen.

På bakgrunn av at silingsrapporten tilrår at ein i reguleringsplanfasen kun går vidare med éin vegtrasé, er rådmann si innstilling at dokumentet bør behandlast politisk for å oppnå tilstrekkeleg medverknad jf. pbl §1-1 4. ledd.

Rapporten er behandla administrativt og merknad til oppstart vart sendt til Statens vegvesen 18.06.2018.

### Vurdering

#### Silingsrapport

Silingsrapporten er utarbeida for å skape eit godt beslutningsgrunnlag for val av trasé for Fv. 564 Fløksand-Vikebø som er prosjekt nr. 4A i Nordhordlandspakken. På grunn av dårlege grunnforhold


må vegen leggjast om ved Leiro, og ulike alternativ for søre del av strekninga frå Fløksand til Vikebø er vurdert i silingsfasen.

Rapporten dokumenterer prosessen rundt siling av alternativ. Silingsarbeidet skil mellom ei vurderinga av ikkje-prissette tema; landskap, nærmiljø og friluftsliv, naturmiljø, kulturmiljø og naturressursar, og andre tema som; trafiksikkerhet, farbarhet, kostnader og fråvik.

Under følgjer ei kort oppsummering av silingsrapporten. Sjå vedlegg for dokumentet i sin heilhet.

#### Kort omtale av alternativa (sjå figur)

Traséane som vert vurdert er delt opp i to delstrekningar, A og B, som igjen er delt opp i fleire alternativ. Det er ikkje vurdert fleire trasear bak Eidshaugane.



Vurderte alternativ

*A1: Ny trase forlèt eksisterande veg sør for krysset på Fløksand. Vegen følg eit høgdedrag nord-vestover inn i urørt terreng.*

*A2: Ny trase forlèt eksisterande veg nordvest for krysset på Fløksand. Vegen følg eit høgdedrag nordvest-over inn i urørt terreng.*

*A1/A2: Fellesstrekninga for dei to nemnde alternativa. Følg eit høgdedrag i terrenget, i kanten av eit myrområde. Svingar sør-vest der den går inn i sidebratt terreng, før den kryssar over Bjørndalsvegen. Held fram gjennom ein knaus og avsluttast ved eksisterande fylkesveg.*

*B1: Denne traseen startar der gul trase sluttar og følg eksisterande veg rundt Steinberget.*


*B2: Denne traseen går gjennom Steinberget. Starten vil vera lik som B3, slutten vil vera lik som B1.*

*B3: Denne traseen kryssar over Hundetjørna, for så å følgje terrenget rundt Grønåsen fram til samankopling med Rosslandsvegen.*

### Statens vegvesen si tilråding i val av trasé

Silingsrapporten konkluderer med at alternativ A1 kjem ut med lågast konfliktnivå for ikkje-prisette tema, sjølv om forskjellane er små. Alternativ B1 og B3 kjem ut med same konfliktnivå på ikkje-prisette tema samla sett, men med grovvurdering av kostnader er det alternativ B1 som kjem best ut. Kostnader vert difor utslagsgjevande i val av trasé.

Samla anbefalt trasé går frå eksisterande fv. 564 ved Fløksand like sør for Storåsen, nord for (bakom) Eidshaugane, kryssar Bjørndalsvegen sør for Rylandsvatnet og treff att eksisterande fylkesveg ved Steinberget. Vidare nord-vestover derifrå følgjer planlagd tiltaksområde den eksisterande fylkesvegen fram til Vikebø.



### **Merknad til silingsrapporten**

Statens vegvesen sendte ut melding om oppstart av planarbeid med tilhøyrande rapportar ved skriv datert 04.05.2018, med generell merknadsfrist 04.06.2018. Det vart halde folkemøte på rådhuset 22. mai. Etter avtale med vegvesenet fekk kommunen høve til å sende inn sine kommentarar etter at øvrige innspel og merknader var kome inn.

Tidsfristane var for knappe til å fremje saka politisk før ferien. Saka vert derfor lagt fram for formannskapet som ei orienteringssak. Under følgjer kopi av merknaden som Meland kommune sende til Statens vegvesen i samband med oppstartsvarselet, i skriv datert 18.06.2018:

#### Landskapsbilete

Silingsrapporten vurderer at B1 er middels konfliktfullt med omsyn til visuelle barrierar. Dette sjølv om vegen vert betydeleg breiare med utbetningsstandard og tilhøyrande G/S-veg i det som vert sett til det mest verdifulle landskapet for delstrekning B, L3 Rylandsvatnet. Meland kommune meiner at B1 også dannar nye barrierar i landskapet med ei breiddeutviding på om lag 6-7 meter ved gitt tverrprofil.

Alternativ B2 og B3 har kortare strekk gjennom L3, men konfliktnivået til Hundetjørna vert særleg vektlagt. Vi stiller spørsmål ved denne vektinga. Dette fører til at alternativ B3 får konfliktnivå middels/høgt når det gjeld landskapsbilete. Vidare vert det i oppsummeringa sagt at det er uheldig at B3 vert liggjande tett på Steinberget gard. Det er B1 som går forbi garden og vi ber om at dette vert retta i rapporten.

Utifrå momenta over meiner kommunen at det er B3 som kjem best ut på temaet landskapsbilete, og vi ber om at vegvesenet vurderer dette temaet på ny.

#### Nærmiljø og friluftsliv

Silingsrapporten vurderer den nye vegen vil kunne auke støyforureining mot Rylandsvassdraget. Vassdraget er eit svært verdifullt friluftsområde av regional og lokal betyding. Denne statusen er festa gjennom verneplanen, den regionale kartlegginga av friluftsområde i Hordaland, samt *Kartlegging og verdisetting av friluftsområde i Meland kommune (2016)*.

Vassdraget er unikt for denne delen av Hordaland med si lengde, variasjon og høge bruksfrekvens. Friluftsbukarar kan komme til frå aust ved Bergen og Omland Friluftsråd sitt anlegg ved Hestdal, og for tilgang frå vest etablerer Meland kommune i 2018 eit turpadleanlegg med oppgradert parkering ved Rossland skule. Vassdraget inneheld sjeldne naturtypar, freda kulturminne som viser spor av tømmerdrift frå middelalderen og inn i moderne tid, og fleire flotte øyer. Det er og næringsaktørar innan reise- og friluftsliv som gir tilbod ved vassdraget. Vassdraget er i nærleiken av fleire verdifulle turområde, samt med overgang til det tilrettelagte og graderte padleområdet på sjø mellom Rossland, Herdla og Skjelanger.

Der trase A1/2 kryssar ved Bjørndalsvegen må det etablerast omfattande støyskjerming. Her vil støy frå vegen bere over vatnet inn mot Nedra Skjevlo, som inneheld dei nemnde kulturminna frå 1200-talet og framover. Det vil vere til stor ulempe for opplevinga av vassdraget og Skjevlena dersom ein får støylekkasje mot dette området, både med omsyn til kulturminna og rekreasjonshøve.

Tilsvarande er vi uroa over støypåverknad mot vassdraget ved val av B1 over Søre Ryland, og tilrår av friluftssyn alternativ B2/B3.

#### Naturmangfald

Silingsrapporten vurderer fyllingsfot i Rylandsvatnet som eit alternativ. Meland kommune meiner at det vil vere uheldig/negativt å lage vegfyllingar som går ut i vatnet. Vassdraget er eit verna vassdrag, og er eit viktig og mykje brukt turområde. Ei stor fylling som går ut i vatnet vil påverke oppfatninga av området, særskilt for dei som ferdast på vatnet. Vidare er dette eit område med lite inngrep i dag, og det vil vere viktig å oppretthalde dette preget så mykje som mogleg.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Silingsrapporten vurderer at ulempene for kulturminne og kulturmiljø er større ved B1 enn B2/B3, grunna påverknaden på KM 3- Gardstun Ryland. Nemnde kulturmiljø er eit eldre jordbrukslandskap på Søre Ryland med siktliner til Rylandsvassdraget, og med fleire bevarte verneverdige bygg som vil kunne verte påverka negativt av B1. Meland kommune meiner at delområde KM3 bør vurderas til å ha høgare verdi enn det som er gitt i silingsrapporten.

Delstrekning B2/B3 vil då vere tydelegare betre alternativ sett ut frå kulturminneomsyn, framfor B1 som vil kome ut med høgt konfliktnivå.

### Naturressursar

Meland kommune meiner at vurderingane kring jordbruksareal må presiserast ved at det går fram kor mange dekar med areal som kan bli tatt ved dei ulike alternativa. Vidare er det viktig å få fram at B1, i tillegg til tap av areal, vil føre til ei betydeleg deling av eit gardsbruk. Bruket er delt av veg i dag og det er uheldig for landbruket å ha tun og jordbruksareal på kvar si side av fylkesvegen. Ved alternativa B2/B3 vil veggen bli lagt om til lokalveg, som vil vere til fordel for gardsbruket.

I vurderinga av B3 står det at alternativet ikkje tek dyrka mark, men at alternativet ligg i randsona til dyrka mark utan at det skal takast fulldyrka jord. Samtidig står det i samla vurdering av konfliktnivå at alternativet tek lite dyrka mark. Det må presiserast om alternativet B3 tek/ ikkje tek dyrka mark.

### Kapittel 10

#### *10.1.1 Identifisering av spesielt kostnadsdrivende område*

Det vert presisert at veglinje for samla anbefalt trasé må oppfattast som ein korridor og at meir detaljert plassering av veganlegget må avklarast i reguleringsplan (s 64). På s 59 vert passeringa av Hundetjørna vurdert til å vere eit spesielt kostnadsdrivende område. Jf. at veglinja ikkje må tolkast bokstavig stiller vi spørsmål ved om B2/B3 må krysse Hundetjørna som vist i skissa? Har det vore vurdert om ein kan la kryssinga gå lenger nord? Korleis er grunntilhøva her?

#### *10.3 Trafikksikkerheit, framkomeligheit og fråvik*

Kostnadsvurderinga er framstilt som ein trafikklysmoell der B2/ B3 er dårlegare alternativ, men det går ikkje fram kor mykje meir alternativa kostar. I 10.2 *Byggbarheit* er lengde og kostnadsoverslag per meter veg satt opp, men det er ikkje laga ein tabell som viser dei faktiske skilnadene i anslaga. Vi stiller spørsmål ved kvifor dette ikkje er gjort når framlegg til anbefalt trasé B1 er basert på kva alternativ som er mest kostnadseffektivt (s 64).

Bruk av eksisterande veg som G/S-veg er ikkje vurdert i rapporten. Vi meiner dette må vurderast då det vil påverke kostnadane.

### Kapittel 11

I oppsummeringa for anbefaling av ikkje-prissette tema er alle IP-tema vekta likt. Bør ikkje nokon tema vore viktigare enn andre? Eksempelvis er det strengare lovgiving knytt til jordvern og kulturminne enn estetikk (landskapsbilete).

## **Konklusjon**

Oppsummert hadde rådmannen desse kommentarane til silingsrapporten:

- Rådmannen er ueinig i at B1 og B3 kjem likt ut på ikkje prissette-tema.
- Når det er kostnadene som vert utslagsgjevande bør kostnadene utgreiast nærare før det vert gjort eit endeleg val av trasé
- Ulike kostnadsreducerande tiltak bør vurderast. Eksempelvis om det skal byggjast G/S-veg på A1/A2 og evt. B3
  - Det bør gjerast ei vurdering om G/S –veg vil bli brukt på desse strekka når dei ligg langt unna busetnad og i tillegg er ein omveg
  - Vil G/S-veg langs nye trasear vere i tråd med bompengepakken om at utbygginga må tilpassast den økonomiske ramma til pakka?

Rådmannen ønsker på bakgrunn av dette at alternativ B3 tas med for vidare utgreiing i planprosessen, fordi silingsrapporten ikkje gjev eit godt nok beslutningsgrunnlag for å utelate delstrekninga.

Saks vert lagt fram til orientering, evt. for korrigering dersom formannskapet ikkje er samd i konklusjonen.

**Framlegg til vedtak:**

Formannskapet i Meland kommune tek saka til orientering. Utgreiingar og detaljering i reguleringsprosessen vil gje grunnlag for endeleg val av vegtrasé.

**Formannskapet - 78/2018**

**FS - behandling:**

**FS - samrøystes vedtak:**

Formannskapet i Meland kommune tek saka til orientering. Utgreiingar og detaljering i reguleringsprosessen vil gje grunnlag for endeleg val av vegtrasé.